



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/1274-3

## **Skriv og meldingar 23. mai 2018 til hovudsamarbeidsutvalet**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

#### **Meldesak 1) Mobbeombod**

Kunnskapsdepartementet vedteke å [innføre ei ordning med fylkesvise mobbeombod](#) frå hausten 2018. Sogn og Fjordane er i gang med å følgje opp. Fylkestinget vedtok 17. april følgjande:

Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019. 2 Ei 100% stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab. 3 Dette ombodet blir finansiert med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar. 4 Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende budsjettrapporten pr. 1. tertial 2018. (vedlegg, faksimile frå Firda Posten)

#### **Meldesak 2) Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv**

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 27.02.2018, sak 7/18, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forvaltningsutvalet vedtok prosjektplanen i møte den 3. april (vedlegg).

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd system og rutinar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i fylkeskommunen og dei einskilde avdelingane og einingane. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad sentrale krav i intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) blir ivaretake.»

#### **Meldesak 3) Litt om sjukefråvær og forsking**

I førre HSU-møte vart det ytra eit ønskje om å få vite meir om årsaker til skilje mellom kjønna. Kva seier forsking på feltet? SINTEF A14516 samla relevant sjukefråværsforskning og leverte rapporten (vedlegg) til arbeidsdepartementet februar 2010.

Idébanken ([www.idebanken.org](http://www.idebanken.org)) laga ei lettfatteleg brosjyre m.a. basert på SINTEF sin rapport frå 2010 – sjå vedlegg.

Ulikskap mellom kjønna er ofte kommentert. Norge er ikkje unikt i denne samanhengen syner ein plansje (Mastekaasa & Melson, 2014) frå STAMI. Tal sjukmelde menn og kvinner målt i prosent i over ein gitt referansetid:

## Kjønnsforskjellene i Norge er ikke svært forskjellig fra andre europeiske land

Andelen menn og kvinner som var sykemeldt i referanseuken, og forholdet mellom kvinners og menns sykefravær

	Men	Women	Women/Men
Austria	0.0138	0.0143	1.03
Belgium	0.0278	0.0314	1.13
Czech Rep.	0.0268	0.0380	1.42
Germany	0.0168	0.0173	1.03
Denmark	0.0184	0.0284	1.54
Spain	0.0209	0.0257	1.23
Finland	0.0255	0.0328	1.29
France	0.0266	0.0330	1.24
Hungary	0.0117	0.0186	1.59
Ireland	0.0105	0.0177	1.69
Italy	0.0111	0.0130	1.17
Netherlands	0.0263	0.0357	1.36
Norway	0.0333	0.0530	1.59
Portugal	0.0138	0.0197	1.43
Sweden	0.0287	0.0535	1.86
Slovakia	0.0126	0.0154	1.22
UK	0.0174	0.0265	1.52
Weighted average <sup>a</sup>	0.0192	0.0250	1.30

Nederst, Tyskland (3%)

2. plass, Irland (69%)

3. plass, Norge (59%)

1. plass, Sverige (86%)

Mastekaasa & Melsom, 2014



### Meldesak 4) Pressemelding om sjukefråværet 2017

I førre HSU-møte vart det ytra eit ønskje om å formidle på intranettet og i ein pressemelding fylkeskommunen sine fråværetal. Den 14. mars vart følgjande lagt ut som pressemelding og på vårt [intranett](#):

Det registrerte sjukefråværet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017 var 5,1 prosent.

– Det er 0,1 prosentpoeng over målsettinga om maksimalt 5 prosent. Vi leverer stabilt gjennomsnittlege låge fråværstal i samsvar med våre overordna mål i avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen), seier rådgjevar Arvid Stenehjem i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sjukefråværet var 3,6 prosent blant mannlege tilsette, og 6,1 prosent blant kvinnene. Av sektorane i fylkeskommunen hadde tannhelsetenesta det høgaste fråværet med 5,8 prosent. Samla sjukefråvær i opplæringssektoren (dei vidaregåande skulane og fagskulen) var 5,3 prosent, medan talet for sentraladministrasjonen var 3,8 prosent.

#### Individretta arbeid

– I arbeidet vårt for utvikling av arbeidsmiljøet har vi gått frå kollektive tiltak til å jobbe meir individretta. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent, seier rådgjevar Arvid Stenehjem.

For å klare denne målsettinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar.

– For å halde på tilsette som får helseplager, prioriterer vi tilrettelegging av arbeidsplassen. Årleg gjennomfører vi grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap som eit tilbod for leiarar, verneombod og medlemer av i arbeidsmiljøutvala våre.

### Meldesak 4) Drøftingsmøte – nytt tidspunkt

Fylkesrådmannen har meldt at drøftingsmøtet mellom fylkeshovudtillitsvalde fylkesutvalet, hovudsamarbeidsutvalet og fylkeshovudverneombodet, som etter den politiske møteplanen er tidfesta til 20. juni er endra. Ny møtedato, tidspunkt og møtestad vert:

Dag: 11. juni

Tid: Kl. 10.30

Stad: Førde

Saker til møtet melder de i god tid til fylkesordførar Jenny Følling og rådgjevar Kristin Rundsveen, med kopi til personalsjef Toril Einarsen. Om det vert meldt inn saker vil formell innkalling og dagsorden bli sendt.

## **Meldesak 5) Varslingsutvalet sin utgreiing om varsling i arbeidslivet**

Varslingsutvalet sine viktigaste framlegg til tiltak:

- Presisering av reglane om varsling i arbeidsmiljølova, mellom anna ved å klargjere omgrepa «kritikkverdige forhold» og «forsvarleg framgangsmåte»
- Legge inn ein henvisning til Grunnloven §100 i om ytringsfridom i arbeidsmiljøloven
- Utarbeide ein nasjonal varslingsrettleiar i samarbeid mellom myndighetene og partane i arbeidslivet
- Oppretta eit eige varslingsombod som skal gi råd, støtte og bistand til varslarar i konkrete saker
- Oppretta ein tvisteløysningsnemnd som skal kunne ta stilling til om det har funne stad gjengjelding eller brot på arbeidsgjevars aktivitetsplikt ved varsling (dissens – mindretale meiner desse sakene bør handsamast i domstolane)
- Oppretta ein eigen varslingslov som skal omfatte etableringa av varslingsombod og varslingsnemnd
- Moglegheita til oppreisning og erstatning bør utvidast og nivåa bør aukast

Les rapporten på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-6/id2593665/>

## **Meldesak 6) Omstillingssavtalen**

Representantar for hovudsamanslutningane og politisk leiing i Partssamansett utval (PSU) godkjente omstillingssavtalen for tilsette i samanslåingsprosessen i møte tysdag 24. april. Begge partar var godt nøgde med både avtale og prosess.

Sjå nyhende på intranettet (Portalen) [her](#). Sjå avtalen som vedlegg her.

## **Meldesak 7) Ny kommunelov**

KS meiner forslaget til ny kommunelov vil bidra til gjere kommunelova enklare, meir tilgjengeleg og meir betydningsfull. I høyringa i Stortinget ga KS tilslutning til lovforsлага som styrkjer det kommunale sjølvstyre. Vedlegg KS sitt høyringssvar.

## **Meldesak 8) Regionreforma - status**

Allmøte i FIRDA-salen og over video til Storehagen torsdag den 26. april. Sjå vedlegg og elles viser eg til [portalen for status og informasjon](#).

## **Meldesak 9) Bedriftshelsetenesteordninga – ekspertgruppa legg fram sin innstilling**

Ei ekspertgruppa har vurdert om dagens bedriftshelsetenesteordning fungerer etter hensikta, og legger i sin rapport fram moglege framtidige modeller av bedriftshelsetenesta. Rapporten vil bli publisert 25. mai på regjeringen.no og den vert seinare følgd opp av eit seminar 5. juni.

Formålet med seminaret er å få ein diskusjon om ekspertgruppa sine modellar slik at bedriftshelsetenesta kan innrettast for å best mogleg kunne bistå verksemndene i det forebyggande HMS-arbeidet. Delprosjektgruppa for denne ordninga vil delta på seminaret.

## **Meldesak 10) Innspel frå fylkeshovudverneombodet – fem tema**

Sakene/tema FHVO ønskjer skal belysast/leggast fram for HSU krev ei fagleg vurdering og det må setjast av tilstrekkeleg tid til å utgreie og saksbehandle tema. HSU kan ved å ta til vitande dette innspelet, bestille svar på dei fem punkta/innspela i eigen sak til hausten – HSU sitt møte den 19. september i år. Utvalssekreteren/medlemmane kan gi sine korte kommentarar til innspela allereie no i møtet den 23. mai 2018.

Dei fem ulike tema som vert tekne opp er:

1. Avviks handtering i Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. Rutinar ved vald og ruslar om vald
3. Oppfølging av MTM II undersøkinga i 2017
4. Informasjonsplan for gjennomføring av regionreforma
5. oppfølging av arbeidsmiljølova sin § 5

Med referanse i korleis fylkeskommunen dei siste 19 åra har vi har valt å organisere hmt-arbeidet, vil sentralstyrte avviksrutinar, sentralregister over avvik og faste prosedyrar på alle felt vere motstridane til vår desentraliserte modell. Berre absolutt naudsynte obligatoriske prosedyrar og fellesverktøy skal leggast sentralt, alle andre hmt-verktøy skal vere malar for lokal tilpassing. Viser her til prinsippvedtaket sak 99/08787 der det står at;

*"Systema vi nyttar innanfor HMT må tilfredsstille lover og forskrifter, men også gjenspegle leiar-prinsipp og organisasjonskultur til ei kvar tid. Alle desse føresetnadene for HMT-arbeidet har utvikla seg relativt mykje dei seinare åra; Grovt sagt frå overordna kontroll, etterprøving og verifikasjon til overordna tilrettelegging og stimulering basert på lokalt ansvar og mynde."*

Prinsippet i rolle- og ansvarsdeling i fylkeskommunen byggjer altså på eit berande element i å plassere ansvar og mynde så langt ut i organisasjonen som råd er. Dette betyr at vi ønskjer kunn sektorovergripande sentralstyring og at vårt bistandsarbeidet til einingane skal vere på systemnivå gjennom malar der den lokale eininga bygger opp sit eige autonome hmt-system.

**Meldesak 11) Forvaltningsrevisjon av helse-, miljø og tryggleiksarbeidet inkludert IA-arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.**

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet ( sak 17/18) starta opp ein forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den ferdig utarbeidde sluttrapporten skal etter planen leggast fram for kontrollutvalet i oktober 2018.

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd system og rutinar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i fylkeskommunen og dei einskilde avdelingane og einingane. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad sentrale krav i intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv (IA - avtalen) blir ivaretakne.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, intervju og spørjeundersøking for å få informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid innan HMT og inkluderande arbeidsliv.

Vedlegg – prosjektplan mars 2018